

**Saksbehandlar:** Erik Kvalheim**Kommunedirektør:** Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/24	Eldreråd	18.11.2024
033/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2024
031/24	Ungdomsråd	18.11.2024
076/24	Formannskap	20.11.2024
108/24	Kommunestyre	10.12.2024

**Slutthandsaming av kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 - 2. gangs handsaming.****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Jamfør § 11-15 i plan- og bygningslova vert kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 godkjent slik han ligg føre. Det vert teke atterhald for tre tiltak i planen, som går til mekling med Statsforvaltaren i Vestland grunna motsegn datert 22.10.24. Dei tre tiltaka er:

- KPI-148 Osnes/Tåno.
- KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia.
- Reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt (2015), jf. gjennomgang av reguleringsplanar.

Dersom mekling med Statsforvaltaren ikkje førar fram, vert planen sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for handsaming, jamfør § 11-16 i plan- og bygningslova. Motsegna knyt seg til klart avgrensa delar av planen, og kommunestyret kan såleis gjere vedtak om at dei resterande delane av kommuneplanen sin arealdel skal ha rettsverknad.

-----  
Kommunedirektøren får fullmakt til utføre mindre, ikkje-prinsipielle oppdateringar og tilpassingar i plandokumenta fram mot handsaminga i kommunestyret, jf. liste bak i saksframlegget.

Vedtak som innstilling frå Eldreråd - 18.11.2024 - 028/24

**Uttale frå Eldreråd:****Samrøystes**

Eldrerådet tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.11.2024 - 033/24

**Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:****Samrøystes**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd - 18.11.2024 - 031/24

**Uttale frå Ungdomsrådet: Samrøystes**

Ungdomsrådet tek kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskap - 20.11.2024 - 076/24

**Tilråding frå Formannskap**

**Samrøystes**

Jamfør § 11-15 i plan- og bygningslova vert kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 godkjent slik han ligg føre. Det vert teke atterhald for tre tiltak i planen, som går til mekling med Statsforvaltaren i Vestland grunna motsegn datert 22.10.24. Dei tre tiltaka er:

- KPI-148 Osnes/Tåno.
- KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia.
- Reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt (2015), jf. gjennomgang av reguleringsplanar.

Dersom mekling med Statsforvaltaren ikkje førar fram, vert planen sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for handsaming, jamfør § 11-16 i plan- og bygningslova. Motsegna knyt seg til klart avgrensa delar av planen, og kommunestyret kan såleis gjere vedtak om at dei resterande delane av kommuneplanen sin arealdel skal ha rettsverknad.

-----  
Kommunedirektøren får fullmakt til utføre mindre, ikkje-prinsipielle oppdateringar og tilpassingar i plandokumenta fram mot handsaminga i kommunestyret, jf. liste bak i saksframlegget.

**Eldreråd 18.11.2024:**

**Behandling:**

**ER- 028/24 Vedtak:**

**Uttale frå Eldreråd:**

**Samrøystes**

Eldrerådet tek saka til vitande.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2024:**

**Behandling:**

**RF- 033/24 Vedtak:**

**Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

**Samrøystes**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til vitande.

## **Ungdomsråd 18.11.2024:**

### **Behandling:**

#### **UNG- 031/24 Vedtak:**

##### **Uttale frå Ungdomsrådet: Samrøystes**

Ungdomsrådet tek kommundirektøren sitt framlegg til vedtak til vitande.

## **Formannskap 20.11.2024:**

### **Behandling:**

#### **Øyvind Kaldheim (Krf) bad om å få vurdert habiliteten sin:**

##### **Røysting**

Øyvind Kaldheim (Krf) samrøystes inhabil.

#### **Sjur Aakra (Sp) bad om å få vurdert habiliteten sin:**

##### **Røysting**

Sjur Aakra (Sp) samrøystes inhabil.

## **F- 076/24 Vedtak:**

### **Tilråding frå Formannskap**

#### **Samrøystes**

Jamfør § 11-15 i plan- og bygningslova vert kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 godkjent slik han ligg føre. Det vert teke atterhald for tre tiltak i planen, som går til mekling med Statsforvaltaren i Vestland grunna motsegn datert 22.10.24. Dei tre tiltaka er:

- KPI-148 Osnes/Tåno.
- KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia.
- Reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt (2015), jf. gjennomgang av reguleringsplanar.

Dersom mekling med Statsforvaltaren ikkje førar fram, vert planen sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for handsaming, jamfør § 11-16 i plan- og bygningslova. Motsegna knyt seg til klart avgrensa delar av planen, og kommunestyret kan såleis gjere vedtak om at dei resterande delane av kommuneplanen sin arealdel skal ha rettsverknad.

-----  
Kommunedirektøren får fullmakt til utføre mindre, ikkje-prinsipielle oppdateringar og tilpassingar i plandokumenta fram mot handsaminga i kommunestyret, jf. liste bak i saksframlegget.

## **Kommunestyre 10.12.2024:**

### **Behandling:**

#### **Sjur Aakra (Sp) bad om å få vurdert habiliteten sin.**

##### **Røysting habilitet Sjur Aakra (Sp)**

Samrøystes habil.

#### **Ole Funderud (Krf) bad om å få vurdert habiliteten sin**

##### **Røysting habilitet Ole Funderud (Krf)**

Samrøystes inhabil.

**Liv Kaldheim (Sp) bad om å få vurdert habiliteten sin.**

**Røysting habilitet Liv Kaldheim (Sp)**

Samrøystes habil.

**Øyvind Kaldheim (Krf) bad om å få vurdert habiliteten sin.**

**Røysting habilitet Øyvind Kaldheim (Krf)**

Samrøystes habil.

#### **K- 108/24 Vedtak:**

##### **Samrøystes**

Jamfør § 11-15 i plan- og bygningslova vert kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 godkjent slik han ligg føre. Det vert teke atterhald for tre tiltak i planen, som går til mekling med Statsforvaltaren i Vestland grunna motsegn datert 22.10.24. Dei tre tiltaka er:

- KPI-148 Osnes/Tåno.
- KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia.
- Reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt (2015), jf. gjennomgang av reguleringsplanar.

Dersom mekling med Statsforvaltaren ikkje førar fram, vert planen sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for handsaming, jamfør § 11-16 i plan- og bygningslova. Motsegna knyt seg til klart avgrensa delar av planen, og kommunestyret kan såleis gjere vedtak om at dei resterande delane av kommuneplanen sin arealdel skal ha rettsverknad.

-----  
Kommunedirektøren får fullmakt til utføre mindre, ikkje-prinsipielle oppdateringar og tilpassingar i plandokumenta fram mot handsaminga i kommunestyret, jf. liste bak i saksframlegget.

#### **Saksutgreiing**

##### **Samandrag**

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2023-2030 er klar for slutthandsaming. Etter den offentlege høyringa i sommar har styringsgruppa for KPA handsama innkomne merknadar, og det er gjennomført dialog med Statsforvaltaren i Vestland. Der ligg føre motsegn frå Statsforvaltaren mot tre tiltak i planen, pluss føresegner for LNF-spreidd næring. For sistnemnte var det lagt opp til dialog, og det er no kome til semje med Statsforvaltaren om dette punktet (vedlagt brev datert 08.11.24). Dei tre andre tiltaka er: KPI-148 Osnes/Tåno, KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia og reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt i Sørkjellet/Midtre Etnefjell. For desse tiltaka må det gjennomførast mekling med Statsforvaltaren. Mekling etter plan- og bygningslova (pbl) § 5-6 skal normalt gjennomførast i tida etter handsaming i eit politisk utval (formannskapet), men før kommunestyret. Avtalt tid for mekling er 21.11.24 kl. 09.00. Berre unnataksvis bør mekling gjennomførast etter handsaminga i kommunestyret. Resultat av meklinga vert vidare sendt til kommunestyret. Tiltak det ikkje vert semje om i meklinga, vert haldne utanfor planen og vedtaket i kommunestyret, og vert sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for avgjerd. Resten av arealplanen kan vedtakast med rettsverknad.

#### **Bakgrunn for saka**

I førre sak i formannskapet om KPA (16.04.24) vart det gjort vedtak som vist nedanfor:

**KPA 2023-2030 - 2. gangshandsaming. 1. gangshandsaming av nye innspel.**

## F- 033/24 Vedtak: (Samrøystes)

Med bakgrunn i 1. gangshøyring for arealdelen i 2023 gjer formannskapet vedtak for:

- 13 nye arealinnspele, som vert lagt ut på ny 1. gangshøyring snarast mogleg, jf. liste med KPI-numre i saksdokumentet. Med på høyringa følgjer også andre endringar/tillegg i planen, som ikkje har vore på høyring tidlegare.
- 44 lokale/private høyringsinnspele, slik konklusjonen syner for dei einsskilte innspele i vedlagt merknadshandsaming datert 03.04.24. Vedtak utgjer 2. gangshandsaming for desse innspele, som tilråding for endeleg handsaming i Etne kommunestyre.
- Annet utført arbeid etter 1. gangshøyringa vert lagt fram slik vedlegga syner, t.d. i plankart, føresegner/retningslinjer mm. Kommunedirektøren får fullmakt til å arbeide vidare med plandokumenta, jf. oppstilling under Vurdering i saksdokumentet.

## Saks- og faktaopplysningar

Den nye høyringa av KPA vart lagt ut 13.06.24. Saksdokumenta ligg på linken:

<https://www.arealplaner.no/etne4611/arealplaner/126> . Møteboka frå F-sak 033/24 ligg som øvste vedlegg på linken, deretter følgjer føresegner og retningslinjer, plankart, temakart, planomtale, dei innkomne merknadane frå 1. gangshandsaminga, merknadshandsaminga, KU-/ROS-analysar for nye arealinnspele, referat frå dialogmøtet med Statsforvaltaren 25.10.23, utsnitt av endringar i plankartet (pr. 16.04.24) og dokument om evaluering av reguleringsplanar (desse har funksjon som vedlegg til planomtalen). Dei tre siste vedlegga på linken gjeld ei avgrensa tilleggshøyring datert 02.08.24, om supplering av LNF-spreidd-føremål i planen; bakgrunn for og omfang av dette er forklart i følgjeskrivet og vist på kartutsnitt i vedlegga.

Nedanfor følgjer kommentarar til dei tre kulepunkta i F-sak 033/24 ovanfor:

- I alt 16 nye arealinnspele vart lagt ut på ny 1. gangs høyring. Dette gjeld dei 13 som er lista opp i saksdokumentet for F-sak 033/24, pluss to tiltak som kom inn frå merknadshandsaminga av dei 44 lokale innspele (KPI-158 Miljaseter og KPI-159 Langfosstien). I tillegg kom KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia inn, jf. K-sak 078/24 (der dei to klagane på dispensasjonsvedtaket vart tekne til følgje, ved at tiltaket vart lagt inn i KPA). Tiltaket om steinsetting i stien ved Langfoss har i ettertid fått dispensasjon frå gjeldande arealdel og byggeløyve.
- Dei 42 resterande lokale høyringsinnspele fekk i F-sak 033/24 si 2. gangs handsaming, for vidareending til kommunestyret for slutthandsaming. Såleis treng ikkje formannskapet å gjere nytt vedtak for desse, bortsett frå for dei tiltaka der det er kome inn nye høyringsinnspele (gjeld KPI-9-11 mfl. Leknestangen/Hamn (om næringsområde #N mm.)), pluss tiltak som har inngått i dialogen med Statsforvaltaren i haust (t.d. Leknestangen/Hamn og KPI-152 Børkjenes/Skjersvik (om bruksending frå naust til fritidsbustad)).
- Arbeidet med KPA i haust har hatt eit hovudfokus på dialogen med frå Statsforvaltaren,

inkl. to møte i styringsgruppa. Styringsgruppa har også handsama dei andre merknadane frå høyringa i sommar. Det har undervegs ikkje vore mogleg å legge inn alle vedteke endringar i plandokumenta, t.d. oppdatering av planomtale og digitalisering av plankart. Noko arbeid må også gjerast etter at endeleg vedtak er gjort. Der er mange detaljar i ein arealdel, og plandokumenta må såleis kvalitetssikrast nøye. Kommunedirektøren ber om fullmakt til å utføre naudsynt arbeid fram mot kommunestyret 10.12.24, jf. liste over oppgåver lenger bak. Endringane som er vedteke og tilrådd av styringsgruppa kjem likevel godt fram av vedlegga til denne saka, t.d. i merknadshandsaminga, vedtaka i styringsgruppa og dokumenta frå dialogen med Statsforvaltaren, inkl. kartutsnitt, fotomontasjar og illustrasjonar.

Når det gjeld plankartet (pr. 13.06.24), så er dette enklast å finne på [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com) (zoom fram til Etne kommune, trykk på KARTLAG oppe til venstre, deretter på KPA 2. gongs høyring i høgre menylinje, ev. på KPLANFORSLAG-Arealføremål, som syner planen utan omsynssonar, derav betre lesbarheit. Ved å trykke på føremål/lokasjonar i planen, kan ein få opp opplysningar om arealføremål (klikk på rullegardin). Arealføremål med kraftig farge (t.d. kraftig gul for ny bustad) er føremål som er nye for planen, medan lysare fargar (t.d. svakt gul for noverande bustad) er føremål som er vidareført frå gjeldande plan. LNF-Spreidd-føremåla har kraftig grøn farge og ID-numre, som syner til føresegnene, der kvote for nye bustadar og fritidsbustadar er lista opp bak i dokumentet. Der følgjer føresegner og ev. retningsliner med alle føremåla i planen. Føresegner og retningsliner er vedlagt, der merknadar frå sist høyring er vist, sjå forklaring på framsida om ny og utgåande tekst.

### **Innkome merknader/uttale frå partar**

Nedanfor følgjer ei oppdatering av kva som har skjedd i etterkant av høyringa. Høyringsfristen var 25.08.24, med utsett frist for Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Alle innkomne merknadar er handsama av styringsgruppa. Der kom inn 64 lokale merknadar, kor av 56 av desse gjaldt Leknestangen/Hamn. Frå offentlege institusjonar etc. kom der inn 9 merknadar, men det er berre Statsforvaltaren som har motsegn. Andre kjem med ein del faglege råd, som det i nokon grad er teke omsyn til i planframlegget, t.d. i føresegnene. Planomtalen vil verte ajourført seinare.

Statsforvaltaren i Vestland ynskjer å gjennomføre dialogmøte med kommunane om KPA før han gir endeleg uttale. Føremålet med dialog er å søkje å unngå motsegner. Såleis fekk Statsforvaltar også utsett høyringsfrist til etter at dialogen vart avslutta. På dei neste sidene følgjer ei 7-punkts liste over milepelar i arbeidet med merknadshandsaming og dialogen med Statsforvaltaren. Tilhøyrande dokument om merknadshandsaminga, vedtaka i styringsgruppa og frå dialogen med Statsforvaltaren er vedlagt. Her ligg også kopi av innkomne merknadar frå høyringa. Innspela er omtalt i kortversjon i eget vedlegg, saman med administrasjonen si vurdering og tilråding for politisk handsaming. I dokumenta frå dialogen med Statsforvaltaren er dei einskilde tiltaka og temaa omtalt og i mange tilfelle skildra med kart, illustrasjonar og fotomontasjar. Merknadane og motsegna frå Statsforvaltar er grunngitt for dei ulike tiltaka og temaa, der dei syner til viktige regionale og nasjonale interesser, t.d. om strandsone, naturmangfald, vassdrag, friluftsliv, jordvern, klima, samla påverknad mm. Dokumenta frå begge partar er for omfattande til at dei kan refererast frå her i saka, så vi syner til vedlegga. KU-/ROS-analysane for nye arealtiltak har også mykje informasjon og grunngjeving i seg.

1. Innspele frå Statsforvaltar om dialogpunkt for dialogmøtet, e-post 09.09.24 + eget vedlegg.

Her er omtalt tiltak og tema som Statsforvaltaren ynskja å diskutere på dialogmøtet 27.09.24. Det syner seg at dette stort sett er dei same temaa som Statsforvaltaren i

ettertid omtalte i sine mellombelse merknadar, så vi syner vidare til punkt 3, der temaa er lista opp. Det einaste temaet som var ekstra omtalt i brevet med dialogpunkt er om landbruk og jordvern, der Statsforvaltaren hadde gått grundig gjennom tiltak i planen som rører ved dyrka mark, inkl. kor mykje areal som er i spill. Den overordna konklusjonen var at: «Statsforvaltaren reknar med dette at kommunen har tilfredsstillande oversikt over omdisponeringspotensialet i planen, som grunnlag for forvaltning av sitt jordvernansvar».

2. Dialogmøte med Statsforvaltaren 27.09.24. Vart halde på Teams. Deltakarar frå kommunen var ordførar, leiar utvikling og sakshandsamar. Dialogpunkta vart gjennomgått i detalj. Vi argumenterte for tiltaka som ligg i planframlegget, m.a. basert på vedlagte interne notat.
3. Brev med mellombels uttale frå Statsforvaltaren 07.10.24: Grunngejevne merknadar om stort sett dei same tiltaka og tema som låg i brevet om dialogpunkta. Opplisting etter tema:
  - Strandsone til sjø og verna vassdrag, ulike føremål:
    - 5 tiltak med fritids- og turistføremål: KPI-148 Osnes/Tåno (inkl. fritidsbustadar), KPI-150 og 151 på Børkjenes, KPI-153 på Sandvik/Ørevik og KPI-74 på Flokatveit ved Stordalsvatnet.
    - 3 tiltak om bruksendring frå naust til fritidsbustad: KPI-149 Ve/Sørstranda, KPI-152 Skjersvik /Børkjenes og KPI-156 Skålnes 2 i Skånevik.
    - KPI-79 småbåthamn: Flytebrygge for 4 småbåtar ved eksisterande hyttefelt på Børkjenes.
  - Samanhengande naturområde: KPI-160 Turveg/tursti Rus-Olalia.
  - Myr: KPI-88 Osnes, bustadføremål. Registrert djup myr/karbonrike areal på delar av området.
  - Landbruk og folkehelse: KPI-9-11-mfl. Leknestangen i Skånevik, ynskje om friområde i staden for næringsområdet #N ved Hamn. Og meir tilbakeføring av dyrka mark til LNF i det uutbygde industriføremålet lenger ute på Leknestangen, sør for kommunevegen.
  - LNF-Spreidd: Kommenterarar til 4 einskildtomter (om jordvern, naturmangfald og vassdrag) og merknad til føresegn i kap. 6.3. om å ikkje bygge på dyrka mark i føremål LNF-spreidd.
  - Om føresegner: Fritak frå plankrav (2.1.), leikeareal, støy og fiskebuer ved Etneelva/Sørelva.

- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar: Meiner at kommunen konkret bør vise korleis dei nasjonale og regionale interessene er vurdert i planane, og ikkje berre i eit kartprogram. Peikar særskilt på vurderingane for Krokavatnet hyttefelt (2015), m.a. om omsyn til villrein.

4. Møte i styringsgruppa for kommuneplanarbeid 08.10.2024: To saker vart handsama:

Sak SK-001/24: Her tok styringsgruppa stilling til punkta i Statsforvaltaren sine mellombelse merknadar frå 07.10.24. Det vart gitt føringar for vår tilbakemelding til Statsforvaltaren, sjå punkt. 5. Det vart vedteke å ta nokre av merknadane til følge, andre ikkje eller berre delvis:

- For 4 stk. fritids- og turistføremål (på Børkjenes (2 stk.), Sandvik/Ørevik og Flokatveit): Behalde dei i planen, justere/utbetre løysingane, endre føremåla til LNF-spreidd næring.
- For Osnes/Tåno – Justere/utbetre planløysinga og prøve på ny hos Statsforvaltaren.
- For 3 stk. tiltak om bruksendring frå naust til fritidsbustad: Behalde Skålnes 2 i Skånevik i planen, men ta ut tiltaka på Ve/Sørstranda og Skjersvik/Børkjenes.
- Leknestangen: Tilbakeføre næringsområdet #N ved Hamn til friområde (6 daa), ta ut areal til solceller (tilbakeføre til industri) og gi 2 daa industriareal tilbake til LNF i sørvest.
- LNF-Spreidd: Justering for 3 einskildtomter i tråd med merknad (på Håfoss, Flokatveit og Frette), medan tomt 63/30 ved Frette vart teke ut av planen (jf. tidlegare vedtak/jordvern).
- Osnes, KPI-88: Vedtak om reduksjon av bustadføremålet for å unngå registrert myr.
- Om turveg/tursti Rus-Olalia: Klagen frå Statsforvaltaren vart i byggesaka teken til følge av kommunestyret ved å legge inn tiltaket i plan/KPA.
- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar: Administrasjonen svarar ut mellombels uttale. Vil ikkje gi tilbake noko som allereie er vurdert etter etablert metodikk (DIGI-Vestland). Vise til strandsonekartlegginga.
- Føresegner: Vedtak om justering av føresegner for LNF-spreidd, fritak for plankrav, leikeareal, støy og fiskebuer ved Etneelva/Sørrelva, jf. merknadar frå Statsforvaltaren.

-----  
Sak SK-002/24. Gjeld 2. gangshandsaming av lokale høyringsinnspel nr. 1-9: Vedtak: *Endringar i plankart og føresegner i tråd med vedlagt dokument «MERKNADSHANDSAMING. Lokale innspel nr. 1 til 9». Det som gjeld Leknestangen går*



*fram av vedtak i SK- sak 001/24.*

Kommentar: Vi syner til vedlagt merknadshandsaming med grunngjeving: Tre innspel vart stetta: Nr. 1 (mindre endring i eksisterande LNF-spreidd på Børkjenes), nr. 2 (justering av byggegrense i Prestavågen/Skånevik i tråd med reguleringsendring) og nr. 9 (Leknestangen, jf. SK-sak 001/24). Resten av innspela gjaldt nye arealtiltak, ev. justeringa av tidlegare innspel, og ville kravd ny høyring, med produksjon av KU-/ROS-analysar for dette. Resultatet ville ført til ytterlegare utsetting av KPA. Eit av innspela kan takast inn i komande områdeplan for Skånevik, medan andre har vore vurdert i einskildsaker/dispensasjonar frå plan.

5. Vår tilbakemelding til Statsforvaltaren på dei mellombelse merknadane frå 07.10.24, jf. vedtaket i styringsgruppa 08.10.24. Sjå brev datert 15.10.24 vedlagt. Tilhøyrande framlegg til justerte føresegnar vart ettersendt til Statsforvaltaren 17.10.24, vedlagt. I vårt tilsvar har vi argumentert grundig for tiltak vi ynskjer å behalde i planen, jf. kulepunkta ovanfor. Vi syner til vedlegga for våre grunngjevingar. Fleire av tiltaka var justerte og utbetra i høve til planløyising, for og dekke opp for merknadane frå Statsforvaltaren. I tillegg var lagt fram til dels detaljerte føringar og kvalitetskrav i tilhøyrande føresegnene, for å redusere fotavtrykk, syte for god byggeskikk for nybygg mm. Det var arbeidd særleg mykje med justering og presentasjon av ny løyising for Osnes/Tåno, og grunngjeving av denne.
6. Endeleg uttale med motsegn frå Statsforvaltaren 22.10.24. Statsforvaltaren finn å kunne godta dei fleste endringane som er gjort for tiltaka (4 av 5) i føremål LNF-Spreidd næring, tidlegare fritids- og turistføremål, men han meiner føresegnene til områda må endrast på nokre punkt. Løyisinga med å behalde eitt av dei 3 område for bruksendring frå naust til fritidsbustader vert også godteke av Statsforvaltaren, dvs. at tiltaket Skålnes 2 i Skånevik vert verande i planen. Men der er altså kome motsegn i 4 punkt, sjå vedlegg om grunngjevingane for dette. Såleis klipper vi her berre inn konklusjonen til Statsforvaltaren:

### **Konklusjon**

***Vi finn det naudsynt å fremje motsegn til område A og C i Osnes/Tåno (KPI-146), turveg Rus-Olalia, og vidareføring av reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt med omsynssone H910. Vi finn det også naudsynt å fremje motsegn til føresegna til LNF-spreidd næring.***

Statsforvaltaren kjem i tillegg til motsegna med nokre faglege råd. Det vert peika på ei føresegn i kap. 6.3. om LNF-spreidd, som seier at det ikkje skal byggast på dyrka eller dyrkbar mark. Det er rett at der ligg ein del mindre areal med dyrka mark innafor nokre av LNF-Spreidd-føremåla i planen. Men nokre av dei aktuelle tomtene er store nok til at ev. nye byggetiltak kan gå føre seg på areala som ikkje er dyrka. I slike tilfelle vil føresegna fungere. På nokre ganske få tomter er det derimot så stor prosent dyrka mark at ein ikkje kan bygge på tomta utan å råke dyrkamarka. Denne motstrida rår Statsforvaltaren sterkt til at vert retta opp. På den anna side er dei aktuelle areala ofte små og upraktiske å drifte for moderne landbruk, og nokre ligg inneklemt mellom allereie utbygde tomter. Vi har fleire døme på at det vert søkt om dispensasjon for å skilje ut slike areal for å kunne seljast til bustadtomt. Dette gir då lokal busetnad og inntekt til garden. Styringsgruppa tok ikkje stilling til dette innspelet frå Statsforvaltaren på møtet 29.10.24, jf. punkt 7, men kommunedirektøren rår til at det ikkje vert gjort endringar på føresegna.

Når det gjeld føresegn om unnatak frå plankrav (2.1.) så presiserer Statsforvaltaren at det er verknaden av tiltaket som er avgjerande for om tiltaket er reguleringspliktig.

Sitat: *Om tiltaket kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn vil det vere plankrav uavhengig av føresegn i kommuneplanen jf pbl § 12-1 tredje ledd.*

Om føresegna om kantvegetasjon (5.4 og 2.5.5.6) er kravet at vegetasjonsbeltet skal vere minimum 6 meter breitt. Statsforvaltaren sin kommentar: *Vi legg då til grunn at det også vert vurdert om kantvegetasjonsbeltet skal vere breiare nokre stader, ettersom det står minimum i føresegna.* Administrasjonen rår til at dei to innspela vert tekne til vitande.

7. 29.10.24. Møte i styringsgruppa for KPA, SK-sak 003/24: Vurdering av Statsforvaltaren sin uttale med motsegn datert 22.10.24. Det vart gjort vedtak om å trekke 3 tiltak ut av planen, for å mekle med Statsforvaltar om desse (Osnes/Tåno, turveg/tursti Rus-Olalia og Krokavatnet hyttefelt). Det vart gitt føringar om oppfølginga av motsegnspunkta. Det er etter dialog kome til semje med Statsforvaltaren om føresegnene for LNF-spreidd næring, så motsegn til dette er trekt (brev 08.11.24, vedlagt). Om fredingssaka på Stødleterrassen så vart det vedteke å oppdatere føresegnene i KPA (8.5.2.) i tråd med fredingsføresegnene i vedtaket til Riksantikvaren datert 24.10.24. Kommunen sitt hovudsyn i fredingssaka har vore at området kan forvaltast lokalt etter KPA/pbl, i staden for gjennom freding etter kulturminnelova. Riksantikvaren sitt vedtak vil verte påklaga av kommunen.

## Vurdering

Det har vore viktig undervegs i dialogen med Statsforvaltaren å få resultat forankra politisk. Dette er m.a. gjort gjennom to vedtak i styringsgruppa (samrøystes), pluss at ordførar har delteke i dialogmøtet. Der har også vore gruppemøte i politiske parti i forkant av styringsgruppemøta. I ein dialog, eller forhandlingar om vi vil, er det ikkje til å kome forbi at det vil måtte verte ein del gi-og-ta frå begge partar. Såleis har vi måtta ta til følgje nokre av Statsforvaltaren sine merknadar, for å få aksept i andre delar av planen. Det vart også halde dialogmøte om 1. gangs høyringa i fjor haust (25.10.23). Så vi har ein del røynsler frå slike prosessar. I tillegg kjenner vi Statsforvaltaren sine syn på ulike typar tiltak gjennom anna sakshandsaming, t.d. i dispensasjonssaker, klagesaker, reguleringsplanar etc. Vi kjenner også aktuelle lovverk og statlege og regionale føringar som gjeld, t.d. for strandsona, vassdrag, naturmangfald, jordvern, friluftsliv, klima, samordna areal og transportplanlegging, samla verknad av tiltak mm. Såleis har vi eit godt grunnlag for å kunne sjå kva for tiltak som ev. kan vere på kant med lovverk og føringar etc.; sjølv om vi isolert sett ser positivt på sjølve tiltaka, nytteverdien osb.

Av dei 9 tiltaka som var del av dialogen med Statsforvaltar ligg 8 i strandsona til sjø og eitt ved Stordalsvatnet. Gjennom dialogen, og ved justering av fleire av dei aktuelle planløysingane, har vi fått aksept for 6 av dei 9 tiltaka. Vi meiner dette er eit akseptabelt resultat, sett i lys av det strenge lovverket som gjeld for strandsona og verna vassdrag. Resten av dei 16 nye arealinnspele (7 stk.) var då allereie godtekte av Statsforvaltaren. Men forhandlingar dreier seg om heilskap i høve til resultat, så vi har altså måtte ta til følgje Statsforvaltaren sine merknadar om registrert djup myr på Osnes, bruksendring frå naust til fritidsbustad på Ve/Sørstranda og Skjersvik/Børkjenes, næringsområde #N på Leknestangen/Hamn, pluss at der er gjort ein del justeringar på einskildtomter i LNF-spreidd og i føresegnene, mange av dei uansett naudsynte. Når det gjeld Leknestangen/Hamn, så har der også vore eit stort lokalt engasjement i saka, med 56 høyringsinnspel. Vedrørande det tredje tiltaket om bruksendring frå naust til fritidsbustad, Skålnes 2, som Statsforvaltaren altså har godteke, så har vi meint at denne skil seg noko frå dei to andre på Ve og i Skjersvik, m.a. sidan området på Skålnes inngår i tettstaden Skånevik, sjå grunnlegging i vedlegg (tilsvar til Statsforvaltaren 15.10.24).

Bustadføremålet på Osnes, der det er registrert djup myr på delar av arealet (jf. Naturbasen og Gårdskart), var ikkje del av dei nye arealinnspela; tiltaket låg inne i KPA frå høyringa i 2023, men er no likevel fanga opp av Statsforvaltaren. Fokuset på myr, karbonrikeareal og klima har vore aukande dei seinare åra. Myr er også omtalt i merknadane til turveg/tursti Rus-Olalia, i tillegg til andre tema der, t.d. landskaps- og friluftsiinteresser og villrein. Omsyn til villrein er Statsforvaltaren sitt viktigaste argument imot reguleringsplanen for Krokavatnet hyttefelt. For Osnes/Tåno har Statsforvaltaren m.a. vist til regelverket for fritidsbustadar i strandsona, men presiserer også at han...*i planen generelt har lagt stor vekt på behov og ønskje om satsing på reiseliv og turisme i våre samla vurderingar* (sitat).

Kommunedirektøren håper resultatata frå dialogen med Statsforvaltaren vil verte godteke av formannskap og kommunestyre, slik det ligge føre. Dersom det vert gjort vedtak om endringar av framlagt løysing, vil vi måtte gi melding til Statsforvaltaren og gi han tid til å svare på dette og ev. vurdere ny motsegn. Kommunedirektøren ynskjer ikkje ytterlegare utsettingar av KPA, og rår til at planen vert vedteke, med atterhald om mekling for 3 tiltak. For mange av tiltaka i planen skal det lagast reguleringsplanar i etterkant av KPA, og det er no viktig at eigarane av tiltaka får kome i gang med arbeidet, for etter det igjen å utvikle eigedomane, og slik bidra til utvikling av kommunen i sin heilskap. Såleis ligg der store verdier i ein arealdel, gjennom medvite bruk og vern av areala våre.

Når det gjeld krava til medverknad i KPA i pbl., så meiner kommunedirektøren at desse er oppfylte. I samband med dialogen med Statsforvaltar har det ikkje vore praktisk mogleg å halde kontakt med alle berørte eigarane av tiltaka som inngjekk i dialogen. Administrasjonen hadde likevel kontakt med eigarane av tiltaka Osnes/Tåno, Børkjenes (2 stk.), Sandvik/Ørevik og Flokatveit; dette for å informere om dei justerte løysingane som vart lagt fram, sidan der her er gjort til dels store endringar (inkl. reduksjon av areal og tal nybygg (hytter/mikrohytter), om løysingar for tilkomst og parkering, føresegn, mm. Planføremåla er også endra frå fritidsføremål og turisme til LNF-spreidd næring for alle områda, unnateke Osnes/Tåno. Såleis er tiltaka knytt til gardsbruka, og der er også sett inn føresegn om at utleigebygg ikkje kan delast i frå garden.

Planprosessen for KPA har gått føre seg i kring 9 år frå oppstart i 2015/2016. Det er ei stor mengd plandokument som no ligg klare for endeleg godkjenning, inkl. plankartet, 5 temakart, planomtale og meir enn 30 sider med føresegn og retningsliner. I alt 160 tiltak med ID-numre er greidd ut og vurdert sidan oppstarten. Innkomne merknadar er handsama i fleire omgangar; vi vil tru det er snakk om fleire hundre einskildpunkt til saman. Ein del av dei faglege råda frå andre offentlege instansar i siste høyring er teke omsyn til, m.a. på 5 punkt i føresegnene.

Det grundige arbeidet som no ligg føre i ny KPA vil forenkla ei framtidig rullering av planen monaleg, så rullering kan kome om ikkje mange år.

I etterkant av endeleg vedtak i kommunestyret vil planen verte kunngjort. Det vil der verte vist til pbl § 15-1 om grunneigar sin rett til å krevje innløysing eller ev. erstatning som følgje av KPA. Likeins vil det verte opplyst at KPA ikkje kan påklagast, jf. pbl § 11-15.

Dersom mekling ikkje fører fram, vert planen altså sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for handsaming. Departementet kan forkaste eller godkjenne motsegner, heilt eller delvis, men kan også gjere andre endringar i planen, dersom dei ser det naudsynt, dette også sjølv om der ikkje er fremja motsegn til det saka gjeld (men kommunen skal då få høve til å uttale seg). Meir informasjon om departementet si handsaming ligg i statlege retningsliner, jf. kap. 4 på linken: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-innsigelse-i-plansaker-etter-plan--og-bygningsloven/id751295/>

-----  
Kommunedirektøren rår til at han får fullmakt til utføre mindre, ikkje-prinsipielle tilpassingar i nokre av plandokumenta fram mot handsaminga i kommunestyret 10.12.24, t.d.:

- Oppdatering og kvalitetssikring av plandokument: planomtale, føresegner og retningslinjer etc. i tråd med merknadshandsaming, vedtak mm.
- Oppdatering og kvalitetssikring av plankart (inkl. kontroll oppimot kartforskrift og teiknreglar, samkøying av planføre mål og tilliggjande eigedomsgrenser (ev. arealbruk), kontroll av byggegrenser i utbyggingsområde o.l.), etc.
- Vurdering og ev. innarbeiding av faglege råd frå offentlege høyringspartar (dvs. innspel der det ikkje følger motsegn = faglege tilrådingar).

### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Innkomne merknadar til KPA er handsama og planen kan få si endelege politiske godkjenning. 3 tiltak vert halde utanfor vedtaket og går til mekling med Statsforvaltaren i Vestland. Desse er:

1. KPI-148 Osnes/Tåno.
2. KPI-160 Turveg/tursti Rus – Olalia.
3. Reguleringsplan for Krokavatnet hyttefelt (2015), jf. gjennomgang av reguleringsplanar.

### **Vedlegg:**

Invitasjon til meklingsmøte på Teams 21.november kl.09.00 - kommuneplanen sin arealdel for Etne kommune

Trekker motsegn til føresegn - Etne - kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2030

Vedrørande 2. gangshandsaming av kommuneplanens arealdel 2023-2030.

Høyringsinnspel OFF. INST.

Dialogmøte med Statsforvaltar 27.09.24. Adm. notat.

Dialogmøte med Statsforvaltar.Illustrasjonar

Mellombels uttale - Etne - kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2030

Kommuneplanen sin arealdel. 2. gangshandsaming. Lokale innspel.

MERKNADSHANDSAMING. Lokale innspel nr. 1 til 9

Lokale høyringsinnspel. Nr. 1 til 8

Lokale innspel, nr. 9. Leknes. Hamn. Skånevik

Kommuneplanens sin arealdel, vidare arbeid med 2. gangshandsaming.

Tilbakemelding på mellombelse merknadar til kommuneplanen sin arealdel. (525483)

Nye føresegner. Sendt Statsforvaltaren 17.10.24

Mellombels uttale - Etne - kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2030

LOKALE MERKNADAR Nr. 9. Leknes Hamn

Lokale innspel, nr. 9. Leknes. Hamn. Skånevik

Stødleterrassen - gnr. 035fleire bnr. o...ne - Vedtak om freding (L)(527835)

Stødleterrassen fredingsdokumentasjon.PDF (L)(527836)

Uttale med motsegn - Etne - kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2030 (L)(527282)

KPA. Føresegner og retningsliner pr. 07.11.24

Nye og justerte føresegner - kommuneplanen sin arealdel - Etne kommune (L)(530283)

KPA 2023-2030. F-sak 16.04.24. 2. gangs handsaming. 1. g. handsaming av nye innspel

KPA. Merknadshandsaming lokale innspel, 2. g. handsaming 16.04.24

KPA. Vedlegg. Lokale og private innspel. F-sak 16.04.24

KPA. Føresegner og retningsliner pr. 01.12.24